



Skonnerten er ein staseleg båt

**Har du sett Wagner-operaen Den flygande hollendaren?**

**Det var ikkje akkurat den som rann oss i hu då den tremasta skonnerten Oosterschelde frå Rotterdam varsamt og utan eit einaste segl oppe vart manøvrert inn mot båthamna i Uskedalen ved 15-tida i dag. Men då vi fekk sjåeit bilete av praktbåten for fulle segl vart operaen igjen levande for oss.**

Dette storfine besøket, som diverre barre varar gjennom ei natt, sluttar seg til ei rekkje fine besøk av båtar berre i denne sesongen.

Oosterschelde med 22 skuleskipselevar og eit mannskap på 6 om bord plar naturleg nok å delta i Tall ships race og skal gjera det også i år. Utgangspunktet blir då Stavanger og regattaen går i slutten av juli.

Men før det skal båten rundt i norske farvatn og mellom anna besøkja og kasta glans over Ålesund og Flåm.

Skonnerten som no har selskap lengst ute på bølgebrytaren av dei lokale Kvituren og Storm, er verkeleg noko for ein nederlendar å vera stolt over. Båten som er 50 meter lang, har ein maksimal mastehøgdd på 36 meter og vart bygt i 1918 er den største restaurerte båt med segl i den hollandske flåten. Det heiter i bakgrunns materialet at den er eit monument over hollandsk skipsbyggjing ogseiling.

Hanvar først fraktesbåt med en kapasitet på 400 tonn som frakta alt frå tre til bananar, men etter kvart vart han ombygd og mista identiteten sin som seilskip..

Båtenvar innom eigarar både Sverige og Danmark, men omsider vart han kjøpt attende til Nederland og gjennomgjekk ein omfattande restaurering attende til opprinneleg utsjånad.

No blir han nytta ikkje berre som skule men også som representasjonsbåt for selskapar og institusjonar. Og av alle stader fann kapteinen ut at Uskedalen var ein naturleg anløpsstad.

TEKST OG FOTO: Ola Matti Mathisen



Stasbåten legg til i Uskedalen